Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11
Tilleggsspørsmålnr. 5 - fylgjer med.
Emne: Ymse attatfôr
Oppskr. av: Harald Skavold
(adresse): Setså i Salten

Fylke: Nordland
Herad: Saltdal (Tjøtta)
Bygdelag: Setså (Tro)
Gard: Sommervoll (Skavold)
G.nr. 2 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Røtter av blom (bregner) har ikkje vore nytta her, men i grannebygda (Herad: Fauske. Bygdelag: Vatnbygd) har det i eldre tid vore nytta årvisst og i stort mål. Det var rekna som godt fôr. Eg har aldri tengsa på å få nærare greie på dette, diverre. Men eg skal freiste ha det i minne av og meiner det er av stort verde å kjenne dette attåt-foret. Her er blom nok her og.

II Tang og tare.
A. Tang.
1. Enten no tang var naudfôr eller ikkje så vart det teke årvisst i kyst- og fjordbygdene for 50-60 år sidan.
I Tjøtta gjekk det ut or vanleg bruk for ikring 40 år sidan.
Her var det vanleg for 30 år sidan. Det har då nærmast vore ein småmannsstempel å ta tang, og det vart teke berre når nauda dreiv folk til det utover vinteren mot våren når ein var klår over at det vart for lite høy.

2810

2. Sjå 1.

3. Ein skar alltid tang med sigd,

4. Frakta det heim i båt sjøvegen og i stri-sekker landvegen eller lempa det med fraugaffel på slede eller i vogn for køyring. Der landet gjekk bratt i sjøen, stod ein i båten og skar tang. Var det fotfeste å få på land, skar ein og samla i sekker som ein då bar i båten.

Å skjære tang var i eldre tid arbeid for kvinnfolk og born. Fjøset og avkastinga der hadde husmora hand over i langt større mon før enn no. I seinare tid har difor mennene gjerne vore i tangfjøra.

Det er berre ein viss sort tang som er brukande. Det botaniske namnet kjenner eg ikkje, men vi kalla det „kutang" eller „småtang". Den store „blærtang" eller „hesttang" er ikkje brukande.

5. Tangen blir ikkje alltid kokt. Når tangen vart kokt så vart han kokt aleine. Jamnast slo ein berre varmt vatn oppi tunna ein hadde tangen i. Det heitte „å døy(r) tang". Tanglogen kunne ein og gi kyrne. Det var stor skilnad på kyrne når det galt tang. Det er dei som et tangen rå. No ~~å~~ hadde ein då gjerne mjøl på tangbøtta eller ein kokte fiskavfall serskild og slo nokko åt kvar kua.

6. Tang reknar ein som godt fôr no, men

2810

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

men det gjorde ein ikkje før. Ein let aldri tangen gjære. Berre kyrne fekk tang.

B. Tare.

1. Tare har eg aldri høyrd gjet som kreturfôr.

III og IV. Ukjent.

V. Sørpefôr.

1. Det er vanleg å døy(ve) agner og høyfrø til kyrne. Ein har det i ei bøtte og slår varmt vatn på, og har gjerne noko mjøl på. Det gjer tenesk som kraftfôr.

4. Rognebær har aldri vore nytta.

7. Sjå 1.

VI. Fiskavfall.

1. Fiskavfall blir alltid nytta når ein har det. Ikkje systematisk.

3. Sjå II 5.

4. Dyra får både avfallet og krafta.

5. Småfisk og småsild er nokk je nytta.

6. Fôr kokte ein gjerne ute eller i eldhus. No har mange gruve i fjøsen.

7. Fiskavfall kan aldri vere hovudmassen av fôret. Ei ½ bøtte ($\frac{12-15\ l}{2}$) ein gong om dagen må vere bra.

2810
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING